



# Retningslinjer for Inkluderings- og mangfaldsprisen

Inkluderings- og mangfaldsprisen for Møre og Romsdal blir delt ut årleg. Prisen er på 15 000 kroner og vinnaren får i tillegg eit kunstverk til ein verdi av 5000–6000 kroner frå ein kunstnar i Møre og Romsdal.

Retningslinjene vart vedteke av kultur-, næring- og folkehelseutvalet 9. november 2020, sak KF-101/20.

Frå møtet 29.11.2023 er namnet på utvalet endra til kultur- og folkehelseutvalet.

## Formål

Inkluderings- og mangfaldsprisen for Møre og Romsdal skal heidre stor innsats for å fremme inkludering og mangfald i samfunns- og arbeidsliv i fylket. Prisen skal vere til inspirasjon for inkluderings- og mangfaldsarbeidet i fylket.

## Generelle vilkår

Prisen kan gå til ein person, gruppe av personar, bedrifter, institusjonar eller organisasjonar som:

- høyrer heime i fylket eller har sterk tilknytning til fylket
- har tatt initiativ til eller gjennomført tiltak som fremmer like moglegheiter, meir inkludering og mangfald i samfunns- og arbeidsliv for individ eller grupper uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, alder, etnisitet, språk og religion

## Forslag på kandidatar og behandling

1. Inkluderings- og mangfaldsprisen kunngjerast på våre heimesider [www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no), i våre sosiale medium og gjennom våre nettverk og i kommunane.
2. Frist for å komme med forslag er 1. februar kvart år.
3. Alle forslag på kandidatar skal vere skriftleg og grunnlagt av forslagsstillar.



4. Kultur- og folkehelseutvalet avgjerd om tildeling av Inkluderings- og mangfaldsprisen.
5. Fylkeskommunedirektøren legg fram sak for kultur- og folkehelseutvalet i mars kvart år med ei tilråding på inntil tre kandidatar utan rangering. Utvalet kan velje å tildele prisen til andre forslag som kom inn innan fristen. Det er ikkje moglegheit til å komme med benkeforslag i møtet.
6. Vedtak blir gjort med vanleg fleirtal. Ved likt stemmetal er møteleiaren si stemme avgjerande.
7. I møteprotokollen for kultur- og folkehelseutvalet skal det berre stå namnet på den eller dei som fleirtalet meiner bør få prisen.
8. Det blir ikkje satt særlege vilkår til korleis mottakaren bruker prisen.
9. Namnet på prisvinnaren blir gjort kjent så snart som mogleg etter møtet.
10. Fylkesordførar og leiar av kultur- og folkehelseutvalet skal saman dele ut fylkeskulturprisen på fylkestinget, fortrinnsvis i april kvart år. Utvalsleiar skal grunngi pristildelinga og fylkesordførar skal overrekke prisen.

Habilitet etter forvaltningslova § 6 blir vurdert i alle ledd av tildelinga.